



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

Royal Ministry of Finance

Finansministeren

Stortinget
Ekspedisjonskontoret
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
20/659 -

Dato
17.02.2020

Svar på spørsmål nr. 874 frå stortingsrepresentant Hadia Tajik

Eg viser til brev av 6. februar 2020 frå Stortingets president, vedlagt følgjande spørsmål frå stortingsrepresentant Hadia Tajik til skriftleg svar:

«Kan statsråden leggje fram a) kontrolltal inndelt etter type for rekneskapskontroll, formalkontroll, oppgåvekontroll meirverdiavgift, utvida likningskontroll for næringsdrivande og arbeidsgjevarkontroll, samt b) tal og fakta som syner om det er skilnad på kontrollhyppigheit etter storleik på føretaka?»

Begrunnelse:

Viser til svar på skriftleg spørsmål nr. 752.»

Svar:

Utviklinga i kontrollomfang må sjåast i samanheng med at Skatteetaten dei siste åra har endra arbeidsmetodikk og no i større grad legg vekt på heilskapleg verkemiddelbruk, jf. mitt svar på spørsmål 752. Skatteetatens val av verkemiddel skjer på grunnlag av kunnskap om risiko og kva som gjev etterleving i ulike målgrupper. Denne tilnærminga er i tråd med tilrådingar frå OECD.

Frå 2012 endra Skatteetaten kontrollomgrepa sine for betre å kunne kategorisere kontrollane etter formålet med kontrollen og for å få betre kvalitet i talgrunnlaget. Dei nye kontrollomgrepa passa òg betre med den nye arbeidsmetodikken.

Skatteetaten har opplyst om følgjande kontrolltal, inndelt etter type:

Kontrolltype	2010*	2011*	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
--------------	-------	-------	------	------	------	------	------	------	------

Rekneskapskontrollar	4 677	5 811							
Formal- og informasjonskontrollar	691	394							
Avgrensa rekneskapskontrollar**	1 500								
Etterkontrollar (avdekking-, oppfølging- og undersøkingskontrollar)			7 007	5 184	4 490	2 920	3 359	3 236	3 555
Formal- og grunnlagsdatakontrollar			110	237	1 498	1 364	1 941	1 028	943
Oppgåvekontroll meirverdiavgift	20 144	20 212	20 791	16 085	12 298	13 493	12 499	11 279	10 320
Utvida kontrollar under likninga	33 000	19 646	32 957	15 272	16 120	13 910	14 742	12 175	13 815
Arbeidsgjevarkontrollar skatteoppkrevarane	8 141	8 667	9 067	8 888	10 142	9 700	9 142	9 956	10 887

*Frå 2012 endra Skatteetaten kontrollbegrepa sine. Tala for 2010 og 2011 er difor ikkje direkte sammenliknbare med tala for perioden 2012–2018.

** Avgrensa rekneskapskontrollar vert ikkje nytta etter 2010.

Skatteetaten følgjer ikkje talet på kontrollhyppigheit etter storleiken på selskapa. Slike tal kan skaffast til vege, men det vil være særst tid- og ressurskrevjande for etaten. Årsaka til at etaten ikkje treng slike tal, er at dei gjev eit lite dekkjande bilete av korleis Skatteetaten arbeider. Skatteetaten rettar særleg innsatsen sin mot område og verksemdar der risikoen for manglande etterleving er størst, uansett storleik, og bruker mange verkemiddel i dette arbeidet.

Etaten har ei eiga storbedriftsavdeling som er i kontinuerleg dialog med dei store konserna for å sikre riktig skatt og meirverdiavgift. Storbedriftsavdelinga utarbeider ei konsernrisikovurdering for alle konsern med over 1 mrd. kroner i omsetning og gjennomfører bransjeanalyser der det er formålstenleg. Denne arbeidsmetodikken gjev Skatteetaten god kunnskap om konserna og set den i stand til å førebyggje risiko for manglande etterleving. Storbedriftsavdelinga har òg ansvar for Skatteetatens arbeid med internprising.

For alle selskap som er omfatta av konserntilnærminga, vert ei risikobasert vurdering og oppfølging nytta. Kontroll er berre eit av fleire verkemiddel her.

Med helsing

Jan Tore Sanner